



Stim As Avd Bergen

Postboks 344

8376 Leknes

Referanser:

Dykker:

Vår: 18/450 - 23/8805

Saksbehandlar:

Jan Kvingedal

jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:

26.10.2023

Melding om delegert vedtak - Søknad om dispensasjon for etablering av forflåte for lokalitet 13704 Vikane,

Me syner til søknad motteken 20.09.23

Administrativt vedtak. Saknr: 094/2023

Tiltakshavar: Blom Fiskeoppdrett AS

Søknadstype: Søknad om løyve til dispensasjon

VEDTAK:

Masfjorden kommune gjev med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå planformål for plassering av forflåte i tilknytning til 13704 Vikane akvakulturlokasjon i Austfjorden.

Grunngjeving:

Etter dialog med mellom tiltakshavar, Masfjorden kommune og Vestland fylkeskommune har ein vurdert at ved å flytta forflåten til anlegget lenger vekk frå land vil det minka påverknaden på nærmeste busetnad. Med denne plasseringa vil og forflåten havna inn i det området som truleg vert vedteke i ny interkommunal plan for sjøareal for Nordhordland avsett til akvakultur. Totalt sett vi då vedtaket medføra mindre naboulempe, tiltaket vil vera i samsvar med framtidig bruk av området og ein unngår å måtta flytta forflåten seinare.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
9.2.1	Dispensasjon frå arealformål i plan	1	11.700,-
	Totalt gebyr å betala		

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltingsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.


SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå planformålet i gjeldande kommuneplan for Masfjorden 2018-2030. Stim AS har på vegne av Blom fiskeoppdrett søkt Vestland fylkeskommune om endring av konfigurasjon av anlegget dei i dag har i Vikane. Sjølve anlegget vil koma innanfor AK1 i gjeldande kommuneplan for Masfjorden 2018-2030, men i dialog med Masfjordne kommune og Vestland fylkeskommune har ein sett at ved å flytta forflåten lenger vekk frå land vil det kunna minska påverkandane til dei nærmeste naboane til anlegget. Då vil forflåten havna utanfor arealet som er avsett til slik aktivitet, men innanfor areal avsett til slikt formål i føreslegen, ny interkommunal sjøområdeplan for Nordhordland.

Det er kun dispensasjon vedr. plassering av forflåten Masfjorden kommune skal ta stilling til, det er Vestland fylkeskommune som gjer vedtaket om utlegging/ plassering av sjølve anlegget.

Kartutsnitt under viser gjeldande kommuneplan med anlegget plassert innafor AK1 og forflåten like nord for området, i areal avsett til fiske.



Det vert elles vist til søknad datert 19.09.23

Planstatus

Tiltaket ligg i gjeldande kommuneplan avsett til fiske. Det er under arbeid ny interkommunal arealplan for utnytting av sjøareala i Nordhordland, men den er ikke vedteken.

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon fra planformål i kommuneplan for Masfjorden 2018-2030.

Det er søkt dispensasjon med grunngjeving i at det vil medføra mindre støy- og lysforureining til den nærmeste busetnaden på land. Når ny interkommunal plan for sjøareal vil verta vedteken vil og forflåten vera plassert i areal avsett til planformål og det vil ikke vera naudsynt å flytta den ved ei evt. ny konfigurasjon av anlegget.

Uttale frå anna styresmakt

Saka om dispensasjon fra planformålet er sendt til Fiskeridirektoratet, Kystverket, Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren for Vestland.

Dei som har gjeve uttale er Statsforvaltaren for Vestland og Fiskeridirektoratet.

Fiskeridirektoratet seier i sitt svar:

«Fiskeridirektoratet sin vurdering Anlegg på lokalitet 13704 Vikane består i dag av 5 ringar som er lagt ut langs ei rekke parallelt med land. Det har vore drift på noverande lokalitet sidan slutten av 1990-talet, og vi er ikke kjent med at verksmeda har vore i vesentleg konflikt med næringsmessig fiske. Flytting til ny lokalitet ca. 300 meter nord for eksisterande anlegg og utviding av anlegget med 3 ringer vil medføre auka arealbeslag, og anlegget med fortøyingslinjer vil også kome lenger ut i fjorden. På bakgrunn av det vi veit om drift av anlegget fram til i dag og kunnskapen vi har om fiske i fjorden, ser Fiskeridirektoratet likevel ikke at søknaden representerer eit vesentleg auka konfliktpotensial med utøving av fiske.»

Statsforvaltaren seier i sitt svar:

«Arealet som ein ønskjer å flytte til, vil i interkommunalplan for sjø i Nordhordland ha formål akvakultur, og tiltaket vil vere i samsvar med formålet i ny plan. Tiltaket vil likevel ikke vere i samsvar med ny plan, fordi det er sett eit rekkjefølgjekrav om at drift på lokaliteten Vikane (AKV-05) i Austfjorden ikke kan takast i bruk, før drifta på lokaliteten Rekeviki i Alver er avslutta og sletta frå akvakulturregisteret. Vidare må lokalitetar som ikke er i bruk, Øverås, Nesbø og Likulten vere sletta som lokalitetar frå akvakulturregisteret (føresegn 3.1.9 c) i. c. 1). Slik vi forstår søknad om dispensasjon har ein ikke tenkt å følge opp dette kravet.

Utviding av arealet Vikane vart frårådd i konsekvensutgreiinga til interkommunal plan. Det var likevel vurdert og konkludert med at om ein avslutta drift på lokalitetar i nærleiken, så kunne ein legge opp til ein større lokalitet for å etablere eit meir moderne anlegg. For å sikre dette, vert dei andre areaala tatt ut av interkommunal plan og det vart sett rekkefølgjekrav om omstrukturering, før arealet på Vikane kan takast i bruk. Omstruktureringa var eit viktig premiss for arealet i interkommunal plan.

Arbeid med interkommunal plan for sjøareaala i Nordhordland har vore igjennom ein lang prosess, med omfattande medverknad. Vi vurderer det som svært uheldig og gje dispensasjon for tiltak som verken er i samsvar med gjeldande plan eller kommande plan.

Statsforvaltaren rår ifrå ein dispensasjon frå gjeldande plan,- slik det er søkt om. Vi vil ikke ha merknadar til ein dispensasjon som er i samsvar med både kart og føresegner i interkommunal plan for sjø i Nordhordland.»

Masfjorden kommune vil sei til Statsforvaltaren sin kommentar at ein ikke oppfattar søknaden som ein søknad om dispensasjon frå rekkjefølgjekrava i den nye plan, men berre som søknad om dispensasjon for plassering av forflåten. Den nye interkommunale sjørealplanen er ikke vedteken, slik at ein evt. dispensasjon frå rekkjefølgjekrava her vil måtta komma etter at denne er vedteken. Her vil Masfjorden kommune følgja opp plan- og føresegner når den er vedteken og ser ikke at eit positivt vedtak i denne saka vil leggja føringar for evt. nye søknadar om dispensasjonar frå plan eller føresegner.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikke føre merknader frå nabo.

VURDERING:

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.
For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikke verte vesentleg til sidesett.
For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må ligge innanfor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Forvaltningspraksis i kommunen har vore å gje dispensasjon når ein vurdera at det ikkje er negativt for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge og når ein ikkje set lova, nasjonale eller regionale interesser til sides.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at ny interkommunal plan for sjøareal er i ferd med å verta vedteken og tiltaket er i samsvar med denne. Det vil og slik ein vurdera det ikkje medføra negative konsekvensar for di som er råka, men vera positivt for busetnad like ved anlegget, då dei vil oppleva mindre lys- og støyforureining.

Sjølv om statleg styresmakt har uttala seg negativt i saka skriv dei at: «*Vi vil ikkje ha merknadar til ein dispensasjon som er i samsvar med både kart og føresegner i interkommunal plan for sjø i Nordhordland.*» Ved å kun gje løyve til dispensasjon frå planformålet for plassering av forflåten i dette vedtaket, finn ein at det er innanfor det som Statsforvaltaren kan akseptera.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra er oppfylt for å gje dispensasjon frå planformål for plassering av forflåte ved Vikane.

Plassering skal vera slik den er vist i søknad.

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Jan Kvingedal
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakarar:

Stim As Avd Bergen

Postboks 344

8376

Leknes